

BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE

PÅSKEHELSING FRÅ ORDFØRAREN

Det lakkar mot påske, og kalenderen peiker mot våronn og hagestell. Kan hende er det like greitt, når vinteren tykkjest stå i ei identitetskrise. Varm eller kald, våt eller turr? Det har sanneleg vore ein rar vinter når både dei som trur, og dei som ikkje trur på klimaendringane, meiner å ha fått rett...

Sjølv om været er ustadig, held aktivitetsnivået i kommunen seg stabilt høgt. Faste aktivitetar og ymse andre tilskipingar tevlar nærast om å trekkje til seg born og vaksne. Me er heldige som har mange tilbod å velje mellom, men det vert travelt for den som vil få med seg alt. Særleg for borna er det viktig at ikkje alle kvardagar er organiserte av vaksne, men at dei får tid og rom til den frie leiken.


Påskehøgtida gjev eit pusterom der ein får høve til å senke skuldrene, men også eit høve til ettertanke. Uroa i verda kring oss pregar nyhenda. Dei menneskelege lidingane er store, og konsekvensane av krig og elende når heilt fram til oss i Noreg. Mange uroar seg for aukande prisar og usikre tider. Det kan verte i meste laget for kven som helst. Eit gammalt og godt tips for å tôle slike tider, er å ha fokus på det ein kan gjere noko med.

Ein kan til dømes starte med å leggje til rette for at påska vert slik ein helst vil ha ho. Vêret kan ingen av oss styre, men å låne ein påskekrim på biblioteket eller knaske påskegodt framfor fjernsynet, treng ikkje vere noko dårleg alternativ til skituren. Det handlar fyrst og fremst om trivsel, og det er ingen fasit på trivsel.

Til slutt sender me ein venleg tanke til dei som er på jobb, og til dei som bidreg friviljug for at påska skal verte best mogleg for flest mogleg. Takk!

God påske!

Lars Tarald Myrum



KOMMUNEN INFORMERER

Opningstider i påska:

Valle komunehus

måndag	30.03	kl. 10.00 - 14.00
Tysdag	31.03	kl. 10.00 - 14.00
Onsdag	01.04	Stengt

Valle tannklinikk:

I veke 14 og 15 er det ikkje tannlege tilstades i Valle, men telefonen er ope:

Måndag	30.03	kl. 08.00 - 15.30
Tysdag	31.03	kl. 08.00 - 15.30
Onsdag	01.04	Stengt
Tysdag	07.04	kl. 08.00 - 15.30
Onsdag	08.04	kl. 08.00 - 15.30
Torsdag	09.04	kl. 08.00 - 15.30

Valle folkebibliotek

Måndag	30.03	kl. 11.00 - 16.00
Tysdag	31.03	kl. 11.00 - 16.00
Onsdag	01.04	kl. 11.00 - 14.00
Tysdag	07.04	kl. 11.00 - 15.00

Valle legekantor:

Måndag	30.03	kl. 08.00 - 15.00
Tysdag	31.03	kl. 08.00 - 15.00
Onsdag	01.04	kl. 08.00 - 12.00



Politiske møter i april:

Onsdag	08.04	kl. 10.00	Styremøte Setesdal interkommunalt politisk råd
Onsdag	15.04	kl. 09.00	Plan og miljøutvalet
Onsdag	15.04	kl. 12.00	Levekårutvalet
Torsdag	23.04	kl. 09.00	Formannskapet
Torsdag	30.04	kl. 17.00	Kommunestyret



VALLE LEGEKONTOR INFORMERER

Vitus Apotek Evje informerer om når medisinbestillingar leverast til butikkane Coop Valle og Coop Rysstad.

Frå og med 9. mars vil medisinlevering skje på desse dagar:

- Tysdag
- Onsdag
- Fredag

Alle leveringar har avreise kl. 07:00 frå Evje med bestillingsfrist kl. 14.00 dagen før ynskja leveringsdag. Frakt kjem på 50 kr per pakke.



Har du lasta ned Friskus? Viss ikkje, bør du gjere det no!

Appen er GRATIS og du vil få varsel kvar gong Valle kommune legg ut følgjande:

- Nyheiter frå heimesida
- Ledige stillingar
- Publisering av innkallingar og møteprotokollar



Viss du alt har lasta den ned, men ikkje får varsel, er det truleg fordi du ikkje har valgt kategorien du ynskjer å få varsel på. I Valle har vi førebels berre ein kategori vi nyttar i publiseringa som heiter nytt frå Valle kommune.

For å sjekke om du har valt kategorien kan du gjere følgjande:

- Gå inn på menyen oppe til høgre (tre strekar)
- Mine valg
- Dersom Valle kommune er merka av klikker du på pila nede til høgre, om ikkje trykkar du på den.
- Velg om du vil følgje fleire kommunar eller hopp over
- Så trykkar du på Nytt frå Valle kommune og deretter pila nede til høgre
- På neste side er det ingen val og kan berre klikke på pila nede til høgre
- Så er du klar og kan trykke ei siste gong på den grønne pila nede til høgre

Treng du hjelp kan du ta kontakt med Velkomstsenteret på telefon 379 37 500.

PÅSKEMØTE VALLE KOMMUNE ONSDAG 1. APRIL KL. 10.00 - 12.00 I SÆBYGGEN

Velkomen til det årlege påskemøtet i Valle kommune!

PROGRAM

Ordførar Lars Tarald Myrum ønskjer velkomen

Bjørnevatn løypelag – inntil 10 min.

Aktivitetar og planar i Brokke – inntil 10 min.

Helsetenesta – inntil 10 min.

Påskeberedskap i Setesdal politidistrikt – inntil 10 min.

Kyrkja i påska – inntil 10 min.

Info frå Valle kommune – inntil 20 min.

Vennesla Røde Kors hjelpetjeneste – inntil 10 min.

Norsk folkehjelp Setesdal – inntil 10 min.

Valle Sparebank – inntil 10 min.

Open post



Symjekurs for barn

Ver med på eit morosamt og lærerikt symjekurs for barn i bassenget i Valle kultursenter!
Totalt 3 timars undervisning, gruppene blir delt inn etter alder og nivå.

Tider:

Fredag	24.04	kl. 17.00
Laurdag	25.04	kl. 11.00
Sundag	26.04	kl. 11.00

Kurset kostar kr. 1.300,- per barn.

Kontakt Caren på telefon 411 50 767 ved interesse!

Arr. Valle IL og Valle sparebank



KULTUR OG FRITID INFORMERER

Endeleg skal vi snart opne bassenget att – og vi feirar dette med å spandere gratis inngang for alle heile våren!

Familiebading i april etter symjekurset vist ovanfor:

Fredag 24. april kl. 18-20: Familiebading

Sundag 26. april kl. 12-14: Familiebading

Opningstider i april og mai:

Torsdag 30. april og 7., 21. og 28. mai:

	BASSENGET	BADSTOGA
Familiar	kl. 16.00-18.30	kl. 16.00-18.00
Ungdomar/vaksne	kl. 18.30-21.00	
Menn		kl. 18.00-19.30
Damer		kl. 19.30-21.00



FRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL BYGDENYTT ER 20. APRIL

Send på e-post til sentralbord@valle.kommune.no

Opningshelg – Valle kultursenter 17. - 19. april

Valle kommune inviterer til ei festhelg når det nye kultursenteret opnar! Ei helg full av musikk, aktivitetar, kunst og gode opplevingar for både små og store.

FREDAG – Preopning av ungdomsklubben (17:00–22:00)

For 8.–10. trinn

17:00 Offisiell preopning v/ordførar – Ungdomsklubben

Innhald:

- Kunstpresentasjon av kunstprosjektet
- Poolparty – Bassenget
- Disco og karaoke – Klubben
- Kafé/kiosk ved FAU
- Trivselsvakter og tryggleik heile kvelden

LAURDAG – Hovudopning (11:00–20:00)

11:00 – Kultursalen

- Snorklypping, talar og folkemusikk
- Presentasjon av utsmykkingar
- Kake og kaffi – Bygdekvinnelaga



Konsertar – Kultursalen

13:00 Kultur og fritid + kultuskuleelevar

Kultur og fritid løftar fram nokre av dei unge, lokale talenta våre. Konserten vil innehalde songar i fleire sjangrar. Bandet består av Anna, Isabel, Maija, Osvald og Ole Søren, og med seg har dei unge gjestemusikarar frå Valle kulturskule. Du vil ikkje gå glipp av dette!

14:30 Renate Aasen & Eirik Hodnemyr

16:00 Silje Høgevold, Sigrid B. Berg, Maija Lindaas og Stina Brandin Hovet.

18:00–20:00 – Valle sparebank jubileum i Vallehalli

Frikar, Kim Rysstad, Kirsten Bråten Berg, leikarring m.fl.

SUNDAG – Barnas dag (12:00–15:30)

12:00–13:30 – Vallehalli

Ninjacamp, ansiktsmåling, fotoboks, leik og smaking av “Ninjanakraft”.

13:30 – Inn til salen

«Lokking» ved Sigrid B. Berg & Daniel Sanden-Warg

14:00–15:00 – Kultursalen

Teater: Det store skredet

Førpremiere på Ninjana (kortfilm)

15:00–15:15 – Etterprat


Møte med Sophia Tim (“Ninjana”)

Heile dagen - Open kafé med bygdekvinnelaga

PROGRAM FOR ONSDAGSKAFEEN - VALLE BYGDEHEIM

Onsdag	08.04	kl. 10.30	Sosialt samvær
Laurdag	11.04	kl. 11.00	BASAR (sjå annonse under)
Onsdag	15.04	kl. 10.30	Sosialt samvær
Onsdag	22.04	kl. 10.30	Leonhard Jansen kjem og viser bilete/film
Onsdag	29.04	kl. 10.30	Tur til Setesdalsmuseet

På museet vil det vere framsyning av utstillingane «Løyni - Gøymestad i Setesdal» og «Portrettmeistaren Olav Bjørgum». Der vil vi få omvisning og samtalar med museumstilsette. Middagen blir servert på museet denne dagen.



BASAR PÅ VALLE BYGDEHEIM LAURDAG 11.04 KL. 11 - 17

Det blir åresal gjennom dagen og sal av lapskaus, kaffe og eit utval kaker.

Hovudgevinstar er setesdalsgenser, saueskinn og storsekk med ved.



Bygdekinoen

Måndag	13.04	kl. 17.00 kl. 19.00	Super Mario Galaxy filmen Film ikkje annonsert endå	Hylestad soknehus
Måndag	27.04	kl. 17.00 kl. 19.00	Film ikkje annonsert endå Michael	Valle kultursenter

Billetter kan du bestille på www.bygdekinoen.no/valle



VALLE FOLKEBIBLIOTEK

Språkkafé

Torsdag 2. april går ut på grunn av påska.
30. april drar me til språkkaféen på Hovden og ser film!
Utanom desse dagane er det språkkafé som vanleg.



Teaterframsyning «Den lille jeg er meg» med Barnehageteateret

Onsdag 08.04 kl. 11.00 Valle folkebibliotek, Sæbyggjen

Bli med på eit magisk teatereventyr fylt med spenning, song og moro for barnhagen! Ei fargerik førestilling som tek barna med inn i ei verd der alt kan skje.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Folkeakademiet Valle og Valle bibliotek.

Forfatterbesøk: Fartein Horgar – Under tamarinden

Onsdag 08.04 kl. 19.00 Valle folkebibliotek, Sæbyggjen

Eventyra i Under tamarinden er særprega forteljingar frå Madagaskar, utvikla i isolasjon utan påverknad frå resten av verda.

Dei blei først samla inn som munnlege historier av misjonæren Lars Dahle i 1877, og blei ein viktig del av både norsk og gassisk kulturhistorie. Forfattar Fartein Horgar, som vaks opp på Madagaskar, har saman med barndomsvenen Benjamin Rasolondraibe

Andriamampihantona gjendikta eventyra til norsk. Resultatet er magisk realisme i si mest urørde form. Arrangementet er gratis!



Reinkula – skuleopplegg for mellomtrinnet

Tysdag 14.04 kl. 09.00 Valle folkebibliotek, Sæbyggjen

Besøk av Ragnhild Bjåen og Anne Lene Aase som skal ha eit skuleopplegg rundt vandreutstillinga «Reinkula».



Filmkveld med VGS

Måndag 20.04 kl. 18.00 Valle folkebibliotek, Sæbyggjen

Laurdagsope bibliotek

Laurdag 25.04 kl. 11.00 - 14.00 Valle folkebibliotek

Brettspel hjørne og høgtlesing for dei minste kl. 12.00

Spit og søge kl. 13.00 – Julie les søge frå Setesdal medan ein koser seg med handarbeid.

Me tar opp tråden på filmframsyning med SeniorUnis foredrag

Torsdag 30.04 kl. 12.00 Sæbyggjen

Den siste torsdagen i månaden viser me dagsaktuelle foredrag med noko søtt attåt.



SETESDALSMUSEET - DJUPDYKK I ARKIVET

Torsdag 23.04 kl. 18.00

Setesdalsmuseet



Setesdalsmuseet og Agder Folkemusikkarkiv inviterer til eit djupdykk i arkivet, der utvalde klipp gir innblikk i musikkarv, historier og tradisjonar frå Agder. Publikummet får høyre materiale som sjeldan blir vist fram, presentert av fagfolk som deler kunnskap og bakgrunn undervegs.

Kvelden legg til rette for gode samtalar om musikkarv og kulturhistorie. Dette er ei unik moglegheit til å oppleve folkemusikken tett på.

VALLE RADIO

Tysdag kl. 18.00 Sending

Onsdag kl. 19.00 Sending

Vi sender også kommunestyremøta i reprise dagen etterpå. Styremøta i Setesdal Regionråd blir sendt i reprise same dag kl. 18.00.

Ta gjerne kontakt dersom du har tips om noko vi kan ta med «på lufta».

Bruk lokalradioen!

Epost: post@valleradio.com

Facebook: Valle Radio

Heimeside: www.valleradio.com



VALLE RADIO

SKULE-NM I GULL- OG SYLVSMEDHANDVERK - VALLE VGS

Setesdal vidaregåande skule, avdeling Valle, har gleda av å invitere til Skule-NM i gull- og sylvsmedhandverk 15.–16. april 2025.

I to dagar samlast unge, lovande handverkarar frå heile landet for å konkurrere, lære og vise fram det beste innan tradisjon og moderne teknikkar. Dette er ei unik moglegheit til å oppleve ekte handverksglede på nært hald.

Konkurransen startar tysdag 15. april klokka 10.00, og held fram til torsdag 16. april klokka 15.00.

Skulen held ope for publikum under heile arrangementet, og alle som har lyst til å ta ein tur innom er hjarteleg velkomne. Her kan du sjå deltakarane i arbeid, få eit innblikk i faget og kanskje la deg inspirere av dyktige ungdommar som fører tradisjonane vidare.





VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Torsdag	02.04	16.00	Friluftsgudsteneste	Brokkestøylen
Fredag	03.04	11.00	Pasjonsgudsteneste	Hylestad kyrkje
Sundag	05.04	11.00	Høgtidsgudsteneste	Valle kyrkje
Tysdag	14.04	18.00	Bøn for verda	Hylestad kyrkje
Onsdag	15.04	11.00	Andakt	Valle bygdeheim
Sundag	19.04	16.00	Gudsteneste	Valle kyrkje
Onsdag	29.04	19.00	Salmekveld med prest Helga Victoria Aas	Valle kyrkje

Kyrjekontoret: 474 82 359
Kyrkjeskys: 911 48 355



e-post: post@valle.kyrkja.no

NOMELAND BEDEHUS

Måndag 20.04 kl 19.00 Møte med Torstein Landås

Alle er hjarteleg velkomne!



ALLIDRETT

Fredag 24.04 kl. 19.00 - 22.00 Vallehalli

Det blir volleyball/dart, kiosksal og gratis kake og frukt.

Velkomen!



BASAR I HOMME OG TVEITEBØ GRENDEHUS

Laurdag 25.04 kl. 12.00 - 18.00

Velkomen til basar med matsal denne laurdagen!

VALLE OG BYKLE KUNSTLAG - ÅRSMØTE

Onsdag 15.04 kl. 18.00 Bykle hotell

Til våre medlemmer!

Velkomen til årsmøte i Bykle og Valle kunstlag.

Vanlige årsmøtesaker, orientering om opning av Valle kultursenter og servering av mat.

Kan du tenke deg å sitte i det nye styret? Ta kontakt!

Påmelding innan 1.april til Ewald Assmann (40 62 49 28)

Helsing styret.



TERRENGLØP PÅ HOVET - VALLE IL

Onsdag 22.04 kl. 17.00 Hovet

Velkommen til eit sprekt og sosialt terrengløp på Hovet!



Oppmøte ved scooterparkeringa. Løpet passar for både små og store, erfarne og nybegynnarar.

Påmelding skjer i EQTiming

Link finn du her: https://signup.eqtiming.com/?Event=Terrenglop_Hovet&lang=norwegian



FRIVILLIG PÅ LANDSKAPPLEIKEN - HOVDEN

Vi treng hjelp til både små og store oppgåver under Kappleiken – som matlaging, servering, rydding, vakthald, scenearbeid, følge utøvarar, rigging av camping og arenaer, aktivitetar for born og unge, m.m.

I skjemaet kan du ynskje deg oppgåver, men vi kan ikkje love at alle ynskjene blir innfridde.

Du får god rettleiing, slik at du kjenner deg trygg i rolla.

Meld deg på og bli med på ein sosial og kjekk dugnad – og opplev Landskappleiken frå innsida!

Som frivillig får du:

- T-skjorte
- Mat og drikke på vakta
- Invitasjon til dugnadsfest
- 1 vakt: valfri dagsbillett
- 2+ vakter: gjennomgangsbillett til arena/tevlingar

Kontaktperson for frivillige:

Liv Hilde Holm

Telefon 906 10 215

E-post: frivillig2026@landskappleiken.no



LANDSKAPPLEIKEN Hovden
24. - 28. juni
2026



VALLE RADIO

PÅSKA 2026

SENDINGAR:
SKJÆRTORSDAG
OG 1. PÅSKEDAG

HOVEDGEVINST:

Elsykkel verdi 30.000,- pluss
sykkelutstyr til verdi av 5.000,-
Levera av Valle Sport.
I tillegg til mange andre
gevinstar/gåvekort frå
næringslivet i dalen.



Sendefrekvensar:

Hovden	105,3
Hoslemo	104,3
Bykle	105,8
Trydal	104,0
Bjørnarå	105,0
Valle	101,2
Ljomsnuten	102,6
Rysstad	106,2

VIPPS

Påskebasar
10 kr. pr. lodd



Telefonnummer:

Loddkaup tlf/sms 41 77 99 77
Rebussvar tlf/sms 41 77 66 66
Helsingar sms 41 77 75 57

Loddkaup via VIPPS 509953
NB: Tlf. nr ditt må skrivast
i meldingsfeltet.

Loddkaup og helsingar på:
post@valleradio.com

Høyr på Valle Radio på nett,
www.valleradio.com
klikk på "live streaming"
Facebook Valle Radio

**GOD
PÅSKE
TIL ALLE
LYARAR!**



KVA SKJER I VALLE

Med atterhald om endringar

DATO	STAD	TID	KVA SKJER
01.04.	Valle folkebibliotek, Sæbyggjen	10.00	Påskemøte
08.04.	Valle bygdeheim	10.30	Onsdagskafé
08.04.	Valle folkebibliotek, Sæbyggjen	19.00	Forfattarbesøk - Fartein Horgar
11.04.	Valle bygdeheim	11.00	Påskebasar
13.04.	Hylestad soknehus	17/19	Bygdekinoen
15.04.	Valle bygdeheim	10.30	Onsdagskafé
15.04.	Bykle hotell	18.00	Årsmøte i Bykle og Valle kunstlag
17.04.	Valle kultursenter	17.00	Opning av kultursenteret - ungdomsklubben
18.04.	Valle kultursenter	11.00	HOVUDOPNING
18.04.	Valle kultursenter	18.00	Valle sparebank 160-årsjubileum
19.04.	Valle kultursenter	12.00	Barnas dag
22.04.	Valle bygdeheim	10.30	Onsdagskafé - Leonhard Jansen viser bilete/film
22.04.	Hovet	17.00	Terrengløp
23.04.	Setesdalsmuseet	18.00	Djupdykk i arkivet
24.04.	Valle basseng	17.00	Symjekurs
24.04.	Vallehalli	19.00	Allidrett
25. - 26.04.	Valle basseng	11.00	Symjekurs
25.04.	Valle folkebibliotek	11.00	Laurdagsope bibliotek
25.04.	Homme og Oveinang grendehus	12.00	Basar
27.04.	Valle kultursenter	17/19	Bygdekinoen
29.04.	Setesdalsmuseet	10.30	Onsdagskafé på museet
30.04.	Valle folkebibliotek, Sæbyggjen	12.00	SeniorUnis føredrag/film